



Uskedal Trelastlager har fått Målblomen fordi firmaet er trufaste brukarar av nynorsk. Her er Terje Myklebust, Finn Guddal og Berit Guddal framfor anlegget i Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På årsmøtet i Kvinnherad Mållag laurdag på Solheim Turiststasjon skal Målblomen 2007 delast ut. Det er ein pris i form av ein stor blomeoppsats for medvite bruk av nynorsk i kommunal og offentleg teneste, private verksemder og organisasjonar

Leiar Kristian Bringedal opplyser til uskedalen.no at Målblomen har vorte utdelt sidan 1999 til verksemder som over tid har synt at dei brukar nynorsk i lysingar, marknadsføring og elles i alt skriftleg tilfang internt og mot kundar og brukarar.

Til no har desse fått Målblomen og som ein vil sjå er ein av dei frå Uskedalen: SØRAL, Kvinnherad Energi, Sparebank 1 Kvinnherad, SKL, SIM, Uskedal Trelastlager, Rosendal Bokhandel og Rosendal Barnehagesenter.

Spørsmålet er så: Vil det bli ein ny Målblome til Uskedalen snart – kanskje allereie i år?

Av Ola Matti Mathisen